

KROPPEN, FINGRAR OG TÆR



ILLUSTRASJON: Are Edvardsen

Tommeltott, tommeltott, kvar er du?
Her er eg, her er eg, god dag, god dag, god dag.

*Syng likt for peikefinger, langfinger, ringfinger, veslefinger,
heile handa og heile armen.*



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

KROPPEN, FINGRAR OG TÆR

Gå i skogen.
Gå i skogen.
Hogge ved.
Hogge ved.
Fryse på føttene.
Fryse på føttene.
Og springe, springe heim att.

(Stellesituasjon. Den vaksne lagar rørsler med beina til barnet)

Frå Hordaland

Sko hesten, sko hesten
med hammar og tong.
Vi kjem ikkje heim før i morgon ein gong.

(Klapp under foten til barnet i rytmen til regla)

Frå Sandane

Tåregle

(Start på vesletåa)

Titil, totil, tillerot, neggelfru, store gubben hesten

*Her fekk vi inn mange ulike variantar, til dømes:
Titil, tåttil, tillarot, meggelfru, storegubben sjølv*

Fjesregle

(Prikk på staden og kitle på halsen til slutt)

Panne-skalle
Auge-vippe
Nase-tippe
Øyre-flippe
Munne-lippe
Hake-snippe
Og dicke-dikke-dikke!

Regle om fingrane

(Start med tommelen)

Tommeltott, slikkepott, langemann, gullebrann,
vesle Petter spelemann.

Fingerregle

(Start på veslefingern)

Han datt i havet.
Han drog han opp.
Han bar han heim.
Han la han i seng.
Og han spela basen for alle fire-fem.

Fingerregle

(Start på tommelen)

Han braut opp låsen.
Han stal.
Han bar.
Han sladra.
Og han måtte betale som liten var!

Regle om tærne

(Start med vesletåa)

Den datt på sjøen, den tok han opp att, den vaska
han, den tørka han og den sprang heim att til mamma
si og sa det.

Regle om fingrane

Den fyrste datt uti, den andre vart våt, den tredje
ropte om hjelp, den fjerde sprang heim og den femte
fekk skulda for alt i hop.

Regle om ansiktet

Kom ein mann og ville ha seg hus, banka på døra, keik
inn glasa, vrei om lykelen, tørka seg på matta og sa
«god dag, god dag, god dag».

*(Først «gå» med to fingrar over hovudet til barnet, banke
i panna, plassere to fingrar under auga, «vri» på nasen,
kitle under nasen, ta tak i haka og seie «God dag, god dag,
god dag».)*

